

## **INTERN UTLYSING**

### **PROSTIPREST I VESTHORDLAND PROSTI**

Vi viser til vedtak i bispedømerådet, sak BBDR 079/14, punkt 4:

Det vert oppretta tre stillingar som prostiprest, knytt til Fana, Vesthordland og Arna og Åsane prosti. I første runde med prosjektoptale for 3 år med omsyn til innhald. Stillingane er interne utlysingar som ikkje påfører nye kostnader, med administrativ tilsetning.

Innhaldet i stillinga vil bli justert etter ein treårssyklus. Stillinga skal støtte opp under dei satsingane ein til ei kvar tid har i prostiet, ved å avlaste prestar som inngår i desse. Prost og bispedømet styrer kva satsingar som skal prioriterast i kvar treårsperiode. Stillinga vil inngå i relativt fast turnus i nokre sokn knytt til det målbiletet ein har i perioden.

Prostipreststillinga i Vesthordland vil i første treårsperiode ha desse hovudoppgåvene:

To søndagsgudstenester på Askøy og ei i Sund kvar månad. Vidare tre gravferder i tre veker kvar månad, inklusive ei tenesteveke i Sund. To institusjonsandakter / gudstenester kvar veke må påreknast, det same gjeld deltaking i konfirmantundervising etter nærare avtale.

Prostipresten vil ha tenesteveke på Askøy i vinterferie, haustferie og inn mot konfirmasjonshelgene i både Askøy og Sund. Elles generell presteteneste i prostiet der det er trong for det.

Kontorstaden vert i Strusshamn på Askøy og deltaking i stabsmøte der høyrer med.

Allereie fast tilsette prestar kan søkja stillinga. Den kjem i stand i påvente av høve til å lysa ut ny fast stilling i Vesthordland prosti, jfr vedtak i bispedømerådet frå april 2010.

**Søknadsfrist: 10. februar 2015. Søknad skal sendast [inmu@kyrkja.no](mailto:inmu@kyrkja.no)**